



Høringsuttale

Innsendt	19.12.2024 22:21:57
ReferanseID	BFK0014-1919343
Personopplysningar	
Innsendar	
Førenamn/Etternamn	Hitland
Nils Inge	
Telefon	
91307371	
E-post	
nilsingehitland@gmail.com	
Uttalen vert gjeven	
<input type="checkbox"/> Personleg	<input checked="" type="checkbox"/> På vegne av lag, føretak eller foreining
Føretak/lag/foreining	
Organisasjonsnummer	
914519527	
Organisasjonsnavn	
BERGEN OG OS SAU OG GEIT	
Adresse	
c/o Nils Inge Hitland Hitlandsbakkane 25	
Postnummer/-sted	
5137 MJØLKERÅEN	
E-post	
bergenosg@outlook.com	
Kontaktperson er same som innsendar	
<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei

Uttale

Saksnr
133/2024
Uttale til saka
<p>Vi har nokre merknader til dykkar forslag til forskrift, § 4. Vi ser det som svært positivt at Bjørnaffjorden kommune utvidar bandtvangen av omsynet beitedyr til 31. oktober. Då er dei fleste beitedyra teke inn, eller beiter på innmark/kultarbeiter.</p> <p>For dei som har utegangarsau vil laushund kunna påføra stor skade også i perioden 31. oktober til 1. april. Det hadde difor vore ønskeleg med same ordning som i § 6 Område med bandtvang heile året, for gardsbruk som har sau i utegang på eigedommen i denne perioden. Auka fokus på dyrevelferd har</p>

ført til at fleire med driftsbygning vel å ha sauane ute for mosjon og trivsel i periodar gjennom vinteren.

Norsk Sau og Geit har tre dyreslag dei ivaretek; sau, geit og hund. Vi har såleis både kunnskap om hund og respekt for hunden sin eigenverdi.

I dei fleste tilfella der hund har skada, eller drepe sau har eigaren hatt hunden laus fordi det ikkje har vore bandtvang. Eigaren har då ikkje vore klar over kor stor skade ein og spesielt to hundar i lag kan gjera. I det verste tilfelle i Os for nokre år sidan jaga og drap to hundar ti lam. Slike dyretragediar må vi unngå.

Beste helsing
for Bergen og Os Sau og Geit
Nils Inge Hitland
styremedlem

Vedlegg
Vedlegg
Ingen vedlegg er lagt til